

Forskrift om feiing, kontroll av feiebehov, tilsyn med fyringsanlegg og brannførebyggande arbeid, og om gebyr for feiing og tilsyn, Austevoll kommune, Vestland

Dato	x
Ikrafttredelse	01.01.2024
Gjelder for	Austevoll kommune, Vestland
Hjemmel	LOV-2002-06-14-20-§28, LOV-2002-06-14-20-§6, LOV-2002-06-14-20-§11, LOV-2002-06-14-20-§13, LOV-2002-06-14-20-§32, FOR-2015-12-17-1710-§6, FOR-2015-12-17-1710-§17, FOR-2018-06-28-1060-§9
Kunngjort	x

Heimel: Fastsett av Austevoll kommunestyre 12. desember 2023 med heimel i lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven) § 28 annet ledd, § 6 tredje ledd, § 11, § 13 fjerde ledd og § 32, forskrift 17. desember 2015 nr. 1710 om brannforebygging § 6 og § 17, og forskrift 28. juni 2018 nr. 1060 om forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av boliger § 9.

§ 1. Føremål

Føremål med forskrifta er å sikre at kommunen sine kostnader knyt til feiing og tilsyn med fyringsanlegg for oppvarming av byggverk dekkast i tråd med brann- og eksplosjonsvernloven § 28 andre ledd.

Forskrifta utdjuar eigar sine plikter og kommunen sitt ansvar for feiing, kontroll med feiebehov og tilsyn etter brann- og eksplosjonsvernloven og forskrift om brannforebygging.

Forskrifta skal styrke gjennomføringa av det brannførebyggande arbeidet i bustadar, fritidsbustadar og andre byggverk i samsvar med kartlagt risiko.

Forskrifta skal også bidra til at forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming jf. forskrift 28. juni 2018 nr. 1060 om forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming av bygningar følges.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjelder feiing, kontroll av feiebehov og tilsyn med fyringsanlegg for oppvarming av byggverk, og gebyr for dette.

Forskrifta omfattar tilsyn med eigar og brukar sine plikter i bustadar, fritidsbustadar og andre byggverk i medhald av brann og eksplosjonsvernloven og forskrift om brannforebygging.

Forskrifta omfattar også tilsyn med forbod mot bruk av mineralolje til oppvarming.

Forskrifta gjelder i Austevoll kommune.

§ 3. Definisjonar

I forskrifta skal følgande omgrep forståast slik:

- a. Eigar: den som har grunnboksheimel til eit byggverk med fyringsanlegg for oppvarming.
- b. Brukar: eigaren sjølv eller den som har avtale med eigaren om bruk av byggverket.
- c. Byggverk: bygningar, konstruksjonar og anlegg.
- d. Feiing: reingjering av røykkanalar og uttak av sot.

Vedteke i kommunestyremøte xx.xx.xxxx, sak xx/xx

- e. Brukseining: matrikkelregistrerte einingar i byggverk, i rekna leilegheiter, næringslokale og liknande.
- f. Fyringsanlegg: eldstad, sentralvarmekjele eller varmluftsaggregat der varme produserast for oppvarming av byggverk, ved forbrenning av fast, flytande eller gassformig brensel, inklusive røykkanal og matesystem for brensel.
- g. Røykkanal: kanal for transport av røykgassar fra fyringsanleggets røykuttak til fri luft, i rekna anbringar, røykrør og skorstein.
- h. Røykløp: den vertikale delen av røykkanalen. Direct vent løysningar inngår også.
- i. Aktivt røykløp: eitt eller fleire eldstadar knyt til røykløpet.
- j. Skorstein (pipe): ein skorstein kan bestå av fleire røykløp.
- k. Tilsyn: inneberer kontroll av feiebehov og kontroll av at pliktene gitt i eller i medhald av brann- og eksplosjonsvernloven blir overhalde, og eventuell reaksjon. Tilsynet vil også omfatte tilsyn med at «Forbud mot fyring med mineralolje til oppvarming av bygningar» overhaldast.
- l. Kartlagt risiko: kartlegging av sannsyn for brann og kva konsekvensar brann kan få for liv, helse, miljø og materielle verdiar.
- m. Brannforebygger: ny nemning for feiar.
- n. Prosessanlegg: fyringsanlegg som brukast i en prosess, og ikkje til oppvarming av byggverk.

§ 4. Plikt til å betale gebyr

Det krevjast inn gebyr etter forskrifta inndelt i tilsynsgebyr som dekker kontroll med feiebehovet og tilsyn med fyringsanlegg, og feiegebyr som dekker gjennomført feiing.

Tilsynsgebyret fakturerer eigar av brukseininga som har registrert eldstad. Feiegebyret fakturerast eigar(ar) av røykløpet.

Gebyra innkrevjast uavhengig av om fyringsanlegget er i regelmessig bruk eller ikkje.

Gebyra innkrevjast sjølv om brannforebygger ikkje har fått tilfredsstillande tilkomst, og av den grunn ikkje har utført tilsyn og feiing.

Gebyrplikten opphevast ikkje før melding om fjerning av alle eldstadar knyt til røykløpet er mottatt hos Austevoll brannvesen. Når meldinga er mottatt justerast beløpet på neste terminfakturering.

§ 5. Gjennomføring av tilsyn

Tilsyn omfattar kontroll av at fyringsanlegget er intakt, verkar som forutsett og er tilfredsstillande sikra mot brann og annan skade, og at føresegner gitt i eller i medhald av brann- og eksplosjonsvernloven følgast.

Tilsyn omfattar også tilsyn med forbod mot fyring med mineralolje til oppvarming.

Kontroll med feiebehovet gjennomførast samtidig med tilsynet. Brannforebyggaren vurderer om det er behov for å feie. Brannforebyggaren vurderer også om risikoen tilseier hyppigare eller sjeldnare kontroll med feiebehovet.

Tilsyn gjennomførast risikobasert (ut frå kartlagt risiko), og hyppigheit fastsetast i tråd med risikovurdering.

Vedteke i kommunestyremøte xx.xx.xxxx, sak xx/xx

Dersom det ved tilsynet avdekkast andre feil og manglar av betydning for brann- og persontryggleik kan dette noterast i tilsynsrapporten, i rekna manglar ved sløkkeutstyr og brannvarslings, og framkommelegheit i rømmingsvegar. Mogleg ulovleg tiltak (ulovleg bueining) rapporterast til plan- og bygningsmyndet.

§ 6. Gebyr for tilsyn med fyringsanlegg og kontroll av feiebehov

Gebyret innkrevjast for alle brukseiningar (bueiningar) med minst eitt aktivt røykløp til bruk for oppvarming.

Gebyret fakturerast årleg per brukseining (bueining) uavhengig av når tilsynet finner sted. Eigar av brukseininga (bueininga) er ansvarleg for gebyret.

Gebyrsatar utreknast til sjølvkost, og skal dekke kommunen sine kostnader knyt til tilsyn med fyringsanlegg og kontroll av feiebehov, jf. kommuneloven § 15-1.

Gebyret fastsettast av kommunestyret. Satsane justerast årleg, og kunngjerast på kommunen sine nettsider.

§ 7. Unntak og fritak for gebyr for tilsyn med fyringsanlegg og kontroll av feiebehov

Det gis fritak for tilsyn med fyringsanlegg og kontroll av feiebehov, samt for gebyr for tilsyn med fyringsanlegg og kontroll med feiebehov i følgjande to tilfelle:

- a. Det er ikkje montert eldstad på røykløpet, eller alle eldstadar er fråkoplta fysisk fra røykløpet. Det skal gis melding om fjerning av eldstad, og kontroll eller dokumentasjon kan krevjast.
- b. Røykløp som betener prosessanlegg (for framstilling av et produkt) omfattast ikkje av tilsynet og er unntatt for gebyr.

§ 8. Gjennomføring av feiing

Feiing utførast utifrå kartlagt feiebehov ved tilsyn med fyringsanlegg og kontroll av feiebehov i samsvar med forskrifta sin § 4.

Feiing av røykløp, kanalar, eldstadar og fyringsanlegg kan også bestillast, og fakturerast etter tid som har gått med.

Feiing av røykløp, kanalar, eldstadar og fyringsanlegg som er omfattast av unntaket i § 7 b kan også bestillast, og fakturerer etter tid som har gått med.

§ 9. Gebyr for feiing

Gebyret utreknast etter tid som har gått med, etter timepris.

Gebyrsatsen utreknast til sjølvkost, og skal dekke kommunen sine kostnader knyt til feiing.

Gebyret fastsettast av kommunestyret. Satsane justerast årleg, og kunngjerast på kommunen sine nettsider.

Faktura for feiing sendast ut når feiing er gjennomført, og forfell til betaling ved neste terminfakturering.

Vedteke i kommunestyremøte xx.xx.xxxx, sak xx/xx

Gebyret fakturerast høveleg til alle brukarar av røykløpet, det vil seie dei som har et eldstad knyt til røykløpet.

§ 10. Tilfredsstillande tilkomst

Eigar må sørge for tilfredsstillande og sikker tilkomst slik at tilsyn og feiing av fyringsanlegget kan gjennomførast utan at det er fare for skade på liv og helse. Dette omfattar regelmessig vedlikehald av taktrinn, stige, bru, feieplattform, med meir.

På skråtak som har en helning og høgder som gir fare for høye fall, må det sørgast for sikring opp til og på taket. Føreseger i eller i medhald av arbeidsmiljøloven, og bransjestandard for feiing på tak vil vere rettleiande for tryggleiksnivået og tilfredsstillande tilkomst.

§ 11. Etablering av fyringsanlegg/ montering av nytt eldstad

Eigar av et byggverk skal melde frå til Austevoll brannvesen når det er installert nytt eldstad, jf. forskrift 17. desember 2015 nr. 1710 om brannforebygging.

Dersom eigar av byggverk unnlet å melde installasjon av fyringsanlegg, kan kommunen krevje gebyr etterbetalt fra det tidspunkt installasjonen av fyringsanlegget ble utført.

§ 12. Bortfall av feie- og tilsynsplikten

Eigar av byggverk skal melde fra til Austevoll brannvesen når eldstaden fjernast. Når alle eldstadar er fjernet bortfeller feie- og tilsynsplikten, og gebyr for dette.

§ 13. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2024 og erstattar tidlegare gebyrordningar.